



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/38404-2

Dykkar referanse:
19/34 – 19/2825

Vår dato:
14.03.2019

Uttale – Rivning og nybygg – Omsorgsbustader – gnr. 45 bnr. 1 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 21.02.2019.

Kva saka gjeld:

Radøy kommune har søkt om å rive eksisterande omsorgsbustader på gnr. 45 bnr. 1 og oppføre nye. I følgje søknaden vil nybygget omfatte ei ekstra bueining i høve til dagens situasjon. Tomta er regulert til bustad jf. reguleringsplan *Manger sentrum, skuletomta (1976)* og har avkøyrsløse til kommunal veg. Tiltaket medfører fleire dispensasjonar frå godkjent reguleringsplan, mellom anna for utnyttingsgrad og byggjegrænse langs veg.

Uttale:

Statens vegvesen meiner at gjeldane lovverk må leggjast til grunn når ein legg til rette for ny bygningsmasse på tomte. Trafikktryggleik må vere eit tema når det planleggast for nye bustader. Tomta ligg i eit sentrumsnært område, og det er ein del blanda trafikk med både harde og mjuke trafikantar. Sjølv om eigedomen har avkøyrløse kommunal veg meiner vi at den vidare prosessen bør vurdere korleis ein kan etablere tilfredsstillande avkøyrsløse med god utforming, og med snu- og manøvreringsareal på eigen tomt. Det må og vise ein plan som syner korleis parkering er tenkt løyst og kor mange parkeringsplassar det skal leggast til rette for. Vi meiner det er positivt at det er lagt til rette for sykkelparkering.

Det skal og søkast om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg. Sidan området er regulert og grensar til kommunal veg, er det kommunen som skal behandle ein slik søknad. Statens vegvesen rår normalt ikkje til å etablere bustader nærare enn 15 meter frå vegmidte.

Vi har ikkje vesentlege merknader til tiltaket ut over dette.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.